



Ulstein kommune

Politisk sekretariat

MOTTATT

1 JUL 2016

Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 Dep
0030 OSLO

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr</i>	<i>Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2016/56	9078/2016	SAO	29.06.2016

HØYRING OM NASJONAL TRANSPORTPLAN 2018–2029

Ulstein formannskap vedtok 28.6.2016 følgende innspel til NTP 2018–2029:

1. Hovudinnretning og økonomiske rammer

- 1.1 Ulstein kommune forventar at høg økonomisk ramme vert lagt til grunn for det vidare arbeid i melding til Stortinget og gir støtte til forslaget om etablering av eit nasjonalt program for vedlikehaldsetterslep.
- 1.2 Ulstein kommune meiner at ein ikkje kan rangere nye prosjekt i hovudsak ut frå transportøkonomisk lønsemd. I tillegg til netto nytte per budsjett kroner må verdiskaping vektleggast når prioriteringane skal gjerast. Det må utviklast metodar som fangar opp verknader utover transportmarknaden og som muliggjer sterkare og meir integrerte bu- og arbeidsmarknadsområder.
- 1.3 Ulstein kommune er positiv til at delfinansiering med bompengar kan leggast til grunn for ferjeavløysande prosjekt og for samferdselsprosjekt som vil innebære store transportfordelar for trafikantane (t.d. vesentleg kortare reisetid)

2. Prioritering riksveg

- 2.1 Ulstein kommune sluttar seg til fylkestinget si prioritering av riksvegprosjekt, og vil understreke viktigheita av å halde oppe aktiviteten på planlegging- og utviklingssida for HAFast (E39) slik at dette prosjektet kan realiserast snarast råd.
- 2.2 Det vert frå Ulstein kommune si sida streka under at det er fjordkryssingane som må på plass først, og at 4-felts motorveg mellom kryssingane ikkje har prioritet.
- 2.3 Kystvegen mellom Ålesund og Bergen (Fv61 i Møre og Romsdal) knyter saman ein kystregion som representerer ei høg verdiskapning. Denne strekningen er etter Ulstein kommune si meining av nasjonal betyding og burde difor vore omklassifisert til riksveg.

Det vert i vårt område særleg peika på Rovdefjordbrua si viktigheit for å knyte regionen betre saman.

3. Andre prioriteringar

- 3.1 Ulstein kommune meiner at ein i større grad må legge til rette for effektiv og miljøvennleg sjøvegs transport, då dette vil avlaste vegane. Dette vil krevje meir omfattande investeringar i både infrastruktur og skip.
- 3.2 Realisering av Stad skipstunnell vil bidra til å betre sikkerheit og framkomme på ei av dei mest vêrharde strekningane i skipsleia.
- 3.3 Ørsta/Volda lufthavn er viktig for næringslivet i regionen, og bør difor ha eit best mogleg rutetilbod.

Med helsing

Knut Erik Engh
ordførar




Svein Arne Orvik
politisk sekretær